



## Statens vegvesen

Bømlo kommune  
Kommunehuset  
5430 BREMNES

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Eva Birgitte Teige / 45023750

Vår referanse:  
15/241966-4

Dykkar referanse:  
2017/1542-  
30365/2017

Vår dato:  
05.02.2018

### Uttale til planprogram for ny kommuneplan 2018–2048 – Bømlo kommune

Viser til melding om oppstart datert 08.12.2017 og møte i Planforum 30.01.2018.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Dette planprogrammet varslar oppstart av arbeidet med rullering av kommuneplanen for Bømlo kommune. Det vert lagt vekt på ein skal legge til rette for stor involvering og medverknad i prosessen med ny kommuneplan, noko som er svært positivt. Ein må då legge vekt på god og enkel framstilling av føremåla og det ein vil oppnå i planmaterialet, og ein bør då unngå å ord og vendingar som er vanskelege å forstå, slik som i pkt C, E og F i kapittel 4.3: «Deep place» rotfesta i lokal historie og uttrykk, Rolle som fasilitator, «Deep culture» rotfesta i lokalhistoria. Dette vil vere med å framandgjere materialet.

Det er lagt inn gode hovudtema i planprogrammet; folkehelse, framtidsretta bustadbygging, digitalisering, attraktive lokalsentra og gaterom, næringsliv, kystbasert friluft- og reiseliv, kulturforvaltning, frivilligheit, og oppvekst- og læringsmiljø for unge.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vabakkjen 7  
5404 STORD

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Me savnar litt meir om samordna areal og transportplanlegging; alt dette heng saman, og ein må sjå nærare på samordning og tilrettelegging av arbeidsplassar og bustad, fritidsaktivitetar og skule.

Bømlo er godt igong med Bømlopakken og har fått mange nye, gode vegstrekk, noko som er viktig for vidare utvikling av kommunen. Fleire planlagde prosjekt er på trappene, og det vert jobba med å få på plass Bømlopakke 2.

I kommunesenteret Svortland vert det jobba med planar for miljøgate for å gjere sentrum attraktivt for alle, og legge til rette for nye funksjonar.

I Rubbestadneset vert det jobba med stor utviding av industriområdet, og det er etablert næringsklynger som har som mål å skape nye arbeidsplassar i tillegg til dei som er der.

I Langevåg vert det jobba vidare med å etablere fiskerihamn. Infrastruktur for alle brukargrupper er svært viktig for utviklinga av kommunen.

Bømlo har mykje positivt på gong.

Me har ikkje fleire merknader no og ser fram til vidare samarbeid.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
Seksjonsleiar

Teige Eva Birgitte

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*